

# Møtereferat

Dykkar ref:

Vår ref:

2021/901 - 7907/2021

Sakshandsamar:

Marte Ulltang

Dato:

12.02.2021

## Referat frå informasjonsmøte om Etablering av spesialisert rehabiliteringstilbod og korttidstilbod i Sunnfjord kommune

### Eksterne deltakarar:

Kjell Idar Dvergsdal, Kirstin Synnøve Bruland, Kurt Even Andersen, Anders Roso, Mariann Kapstad, Marita Brandsøy Lystad, Gry Aase Alnes

### Interne deltakarar:

Margun Thue, Ingunn Solheim Terøy, Signe Nordvik, Are Mikael Lillebø, Maria Katarina Ljungløf, Stein Ronny Gåsdaal, Linn Christin Kollanes, Kari Anne Indrebø, Joanna Galek, Anne Mari Indrebø, Stig Igland, Hildur Thingnes, Magnus Jarl Midtvoll

### Forfall:

Trine Vingsnes, Nils Sletteskog, Evelyn Stavang, Laila Haugland, Evy-Helen Helleseth, Simone Mader, Inghild Espeland Mowatt, Navid Beigi

**Møteleiar:** Marte Ulltang

**Møtedato:** 11.02.21

**Klokkeslett:** 0900-1100

**Møtested:** 788090@vm.nhn.no

**Arkivref:** 2021/901 - 7907/2021

---

## Møtereferat

Saksnr	Emne	Ansvarleg
1/21	<p>Opning og bakgrunn for møtet</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Presentasjon av møtedeltakarane.</li><li>- Prosess</li><li>- Politisk vedtak bak etableringa</li></ul> <p>Sunnfjord kommune vedtok ved oppstart av ny kommune at tilboda innan rehabilitering og korttidseininga skal spesialisrast. Ei prosjekt- og arbeidsgruppe i Sunnfjord kommune har siste året jobba med å etablere desse spesialiserte tilboda og dei er no klare for oppstart av avdelingane i februar 2021.</p> <p>Den nye korttidseininga er lokalisert på Førde omsorgssenter med 14 plassar + 1 palliativt rom. Rehabiliteringseininga er lokalisert på Skei</p>	Kirstin Bruland

	<p>omsorgssenter med 7 plassar + 1 palliativt rom. Det er utarbeidd metodebok for tilboda med kriteriar for inntak (sjå vedlegg)</p> <p>Med bakgrunn i dette ynskjer Sunnfjord kommune eit møte med <b>Helse Førde</b> for å presentere det nye tilbodet og få tilbakemelding og innspel/avklaringar. For kommunen er det viktig å få snakke med Helse Førde slik at dei får til eit godt samarbeid og samhandling om tilbodet og ei best mogeleg utnytting av ressursane dei har stilt disponible til føremålet, til det beste for brukarane.</p>	
2/21	<p>Presentasjon av tilboda (sjå vedlagt pp)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Prosjektgruppe i 2019 gjorde ei kartlegging av tilbod og omfang av institusjonstenestene i dei fire kommunane (Førde, Gaular, Jølster, Naustdal).</li> <li>- Prosjektgruppa kom med ei tilråding om å spesialisere og samle rehabiliteringsplassane på Skei omsorgssenter og korttids plassane på Førde omsorgssenter, og å ha dei andre institusjonstilboda på alle institusjonane (langtid, palliasjon, avlastning og skjerma plassar).</li> <li>- Politisk vedtak i februar 2020 om tilboda i institusjonstenesta i Sunnfjord kommune.</li> <li>- Det vart sett ned ei ny arbeidsgruppe i Sunnfjord kommune som i 2020 har jobba med å etablere dei spesialiserte tilboda. Arbeidsgruppa er samansett av representantar frå adm., plo, lege, fysio/ergo, samt 2 brukarrepresentantar.</li> <li>- Arbeidsgruppa fekk i oppgåve å løyse det politiske vedtaket, slik at Sunnfjord kommune får på plass: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rehabiliteringsavdeling på Skei: 7 plassar</li> <li>- Korttidsavdeling i Førde: 14 - 18 plassar</li> </ul> </li> <li>- Arbeidsgruppa skulle mellom anna sjå på: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruk av rom/lokale</li> <li>- Bemanning og ressursar</li> <li>- Kompetanse</li> <li>- Rutinar/prosedyrar</li> </ul> </li> <li>- Kort fortalt: Planlegge korleis desse to tilboda skal riggast, og finne ut kva som skal til for å få starta desse opp.</li> <li>- Arbeidsgruppa har hatt gode prosessar i ei god og konstruktiv arbeidsgruppe, der alle faggruppene, samt brukarrepresentantane har bidrege med engasjement og synspunkt.</li> <li>- Arbeidsgruppa var ferdig med arbeidet sitt i des. 2020 og held no på med ein sluttrapport</li> <li>- Sunnfjord kommune er klar for å starte opp dei spesialiserte einingane i februar 2021. Det vert då opna ei rehabiliteringsavdeling på Skei omsorgssenter, med 7</li> </ul>	Marita Brandsøy Lystad

	<p>pasientrom som kan romme inntil 7 rehabiliteringsplassar og 1 palliativ plass, totalt inntil 8 plassar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vert opna ei rein korttidsavdeling på Førde omsorgssenter, med 14 pasientrom (på sikt 16), som kan romme inntil 17 korttids plassar og 1 palliativ plass, totalt inntil 18 plassar. Vi har bestemt å starte tilbodet med 14 plassar + 1 palliativ plass.</li> <li>- Bemanning og fagkompetanse som skal drifte einingane er på plass, sjukepleiarar, lege og fysio/ergo. Det er gjort ei omorganisering av ressursar i staden for å tilføye nye ressursar.</li> <li>- Rutinar og prosedyrar: Vore jobba ein god del med i arbeidsgruppa, og vert oppsummert i ei felles «Metodebok» for korttids plassar og rehabiliteringsplassar (sjå vedlegg)</li> <li>- Metodeboka seier mellom anna noko om: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva for tilbod Sunnfjord kommune har i høve tidsavgrensa opphald i insititusjon.</li> <li>- Saksgang for tildeling av opphald.</li> <li>- Kriterier for å få tildelt høvesvis rehabiliteringsplass og korttids plass</li> <li>- Innhald i tenestetilboda</li> <li>- Utskrivingsrutinar</li> <li>Transport til og frå opphaldet.</li> <li>Aktuelle skjema.</li> </ul> </li> <li>- Det skal vere felles saksgang for korttids plass og rehabiliteringsplass, og det er tildelingseininga ved leiar som har tildelingsmynde. Brukarar skal vere medisinsk avklara før tildeling av plass (i metodebok er det beskive inklusjonskriteriar og eksklusjonskriteriar, samt aktuelle brukargrupper).</li> </ul>	
3/21	<p>Dialog og drøfting</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vert stilt spørsmål om kvifor rehabiliteringspasientar vert lokalisert på Skei. Sunnfjord kommune svarar at det på Skei er nybygg med arealutforming som understøtta behov til denne pasientgruppa</li> <li>- Det blir drøfta behov for bl.a gode avtalar med privatpraktiserande logoped. Det blir også løfta fram forslag om å dele synspedagog-ressursar mellom kommunen og Helse Førde</li> <li>- Korttidsopphold vil gi mindre systematisk oppfølging. Pasientar vil komme inn inntil 3 veker som utgangspunkt for å kome seg til krefter igjen. Eks. ernæring, medisinjusering.</li> <li>- Samarbeidsavtale seier at ein kan melde pasientar utanom bemanna tider ved tildelingseining. Dette kan vere</li> </ul>	Kirstin Bruland

	<p>utfordrande, og det er ønskeleg å tilstrebe at ein melder frå om forventta innlegging utanom bemanna tider</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vert drøfta innhald i epikriser og purring på epikrise. Legane ved omsorgssenteret melder at det kan ta tid før dei får fullstendig epikrise, gjerne først etter 2-3 døgn. Manglar også viktig informasjon i desse, som eks. tidl. sjukdom, lab. Sunnfjord kommune føreslår at målet må vere at fullstendig epikrise sendes seinast neste morgon etter utskriving. Helse Førde einast i at det er viktig å få riktig innhald i epikriser og få sendt ut epikriser tidsnok. Dersom det tek litt tid før fullstendig epikrise er på plass så må pasientinformasjon ved utreise sikre at viktig informasjon er formidla fram til at fullstendig epikrise er på plass. Det vert også drøfta om ein kan ha overføringssamtale per video for å klargjere alt før utskriving</li> <li>- Det bør gjerast ein ny gjennomgang av samarbeidsrutinar for overføring av pasientar. Det er viktig å vere kjend med innhald i desse, og viktig å informere ut endringar.</li> <li>- Koordinerande Eining (KE) har ein tverrgående funksjon for heile helseføretaket. KE er plassert under Samhandling og tverrprofesjonelle tenester. Dersom det er ønskeleg med undervisning og opplæring så kan KE v/Maria Ljungløf formidle kontakt og evt. plalegge/organisere gjennomføring. Dette gjeld for alle fagområder</li> <li>- Det er ønskeleg å synleggjere på nettsidene til Sunnfjord kommune kva tilbod som er tilgjengeleg for rehabiliteringspasientar.</li> <li>- Informasjon frå møtet i dag bør sendast til PKO som kan sende ut via nyhendebrev til fastlegar</li> <li>- Ønskeleg å informere om Sunnfjord sitt tilbod på Helse Førde sine intranett sider og Samhandlings sfj og i samhandlingsnytt</li> </ul>	
4/21	<p>Avslutning Helse Førde og Sunnfjord kommune takkar for møtet og ser fram til eit godt samarbeid. Det blir peika på at det nye tilbodet er viktig, riktig og framtidsretta</p>	Marte Ulltang

Marte Ulltang

referent

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Metodebok korttid og rehabilitering Sunnfjord kommune
- 2 Informasjonsmøte Helse Førde 11